Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. no 44 Veving | Fylke: S. Tr.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Vinje

Emne: om veving | Bygdelag: Hemne

Oppskr. av: Guri Lomundal | Gard:

(adresse): Vassli bruksus J. heim | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest bere eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Vennmoal: av ùll i baade veft og renning. Dette bere til ùtaparakle, (dress), bokse, tröje og vest.
Vennmoal er vove med tri skaft og tri trö: Lyft „ Bollen-tröatt: trö ei trö i senn.
2 Av ùll: To-skaft. Til kjolar stakkar og delvis til ùnnertöj. Halvull: To-skaft. Lin-renning eller bomùllrenning. Oftast vovne kvite, og farga töje. Men kùnde og vera farga renning. Da maatte veften fargast. Til kvardags brùk kùnde det og brùkast saugraa ùllveft.
3 a. Ùnnertöj for menn: Likt for menn og kvinner var leret til sjorter og serke: Vove med to skaft. I gamle dagar lin. Seinar bommùllegarn. Kvitt. Til ùnnertöj ellest: Firskaft enten av lin eller bomùll renning. Til sommarbrùk med veft av sommo slag. Men til vinterbrùk veft av finspùnne ùll. enten kvitt eller graat. Manfolk kùnde og ha raù veft i ùnnertröja og kvinnefolk raù veft i ùnnerstakken. Men so kùnne ein veft-vinni smaa renner

9142

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i lin og bommulveven, av blaat eller
raut bommulgarn, til ùnnertröje for
baade kvinfolk og manfolk. Slikt vart
vove i somma veven. Soa var det og
vanleg aa farge bommullgarne „Kàtti-
kobunt" og veva det i firskaft veo
med kvit renning, til bussemulla
for mannfolk. Aa til kvardagskle for
kvinnfolk av ymse slag. Som forkle
og liv, eller og sjàl.
4. Sengomheng var og alder sett, heim-
vove. Var bere rikti velstandsfolk som
brùka det. Aa da var det kjöpt: Sirts
eller og av silke – slik eg saag det ein-
gong hos frù Ulleborg Lossius paa Volden.
Det var omkr. 1885.
5. Sengklæ er eit langt kapitel. Var nok
gjort ùtförleg greie for det för.
Bonsta (bolster) og haudyner var
til vanleg vovne med 3 eller 4 skaft og
bollen trödd (ei krö i senn.) Aa alti av
lin eller bommull. Teppen: bestandig
to=skaft, med tunn renning for aa
faa det lett og mjùkt. Kunde vevast
av hel=ull, av ullveft i linrenning, eller
i bommullrenning. Kunde og vevast av
bere bommull. Da var det vanleg aa
brùke flere fargar baade i veft og renning.
Raue blaa og kvite remner i mörk botten.
Rikleg fargerike og vakre. Aa som ùtslitelag
sterk. Til laken og haudynvar (uten paa
trekk) var det lerret, akkurat som til
seak og skjorte.
6. Rikti gamle dukar – av lin var helst
vovne med fire skaft. Somme i eit

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
9142

Emne no 84

mönster dem kalla Byggkorn-vevna
avdi mönstre likna poa eit lite byggkorn.
Andre slike gamle dukar var vovne be-
rett og slett firskaft, som immersty mönster.
Aa soa moa eg nemne, at eg i min barn-
dom soag ein gamal langborddük poa
Stolsmo; Eegar Marit Andersdatter
född Rustli. Den duken var den mest
einfelde eg har sett. Var vove som
vanleg lerret med to skaft, men av
fint lin. Aa med visse millomrom var
i veften innfelt smoa flekkr her
og der av lin-troader som var rust-
brune. Har alder sett maken. Han var
slitt og gamel den gongen for over
60 aar sia. Servietter har ikkje vore
bruka for i seinare tid.
7 Handkle har det vore vanleg aa veva
av lin. Seinare bommull. Og helst
firskaft. Somme tide kunde vi lage ein
handduk poa kvar ende av ein lerets-
vev. Da fikk vi nytte di lause troader
som bli poa enden av veven. Vi kunde
knytte dem i mönster til pynt poa hand
duken. Soa var det og vanleg aa veva
ein raud eller bloa bord poa kvar hand
duk, enten veven var firskaft eller
toskaft. Men dreielshanddüka er best.
8 Aakle: Den eldste moaten her er det
som vi kalla Tjukk-aakle. Renning
lin eller bommull. Tri-skaft. Tynn
i renninga. Men ei mengd med ull-
veft. Mangeslags fargar. Tvistaakler
dem og kalla. Kan ikkje gjera hall
rede for kor dem var. „Hovalla." Men
del er det som lagar „Tvisten-mönst

9142 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Slike mangefarga aakle er reine meisterverker i fine fargesjateringar. Reine Künsten. Fargerne vart funne i skog og mark frå ellgamle tider. Renninga syntest ikkje. Bere veften. Vadde eg vorre ung, skulde eg lekt oppatt dette arbeie. Det er synd at det døyr ut. Men kansje det enno finds dem som vev Forst-aakle - Tjukk aakle?
Aakle av vennmoal farga raud eller bloa har og vorre vanleg. Men i seinare tid er det 5 skaft 7 skaft og 10 skaft ja endatil 15 skaft aakle i glade fargar. Men noar skjønnfølelsen kjem bort, heng er ikkje aakle lenger. Einast til veggpryd.
11 Sledegent for Vemma var kansje "einstreddeltyj". Det var serleg bruka til "stakka". Kan soa vitt hussmast det. Veven soa brei, at det vart lengda poa stakken. Tynn linrenning. Kunde godt vorra bere kvit. For veften var soa tjukk at renninga ikkje syntest. Veften var ikkje spunne tjukk. Men vevnaden var slik at han vart lakt tjukk i veven. Veften fin spunne og farga smakfullt og pent. Botnen svart eller mørk bloa. Grøne, raue og gule tynne remner.
Trø ei trø i senn. Tri skaft. Fint og smakfullt! Var ikkje høurt om dette froa andre bygder.
Det har og vorre vanleg for aa veva seg ull-Tørkle (sjal). Slike var helst av kvit ull og vovne firskaft. Vov dem kvite og farga dem noar dem var ferdig —

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9142

Emneliste no 47 Væving.

Dem moatte fryndsaal før farginga. Fryntsgarne var kvitakt ullgarn i sommo farge. Somme sende dem til byjen og fik dem farga. Grøne, brune, mørkebloa eller raue. Soa fik dem trykt rosor eller boardar i svart poa sjale. Aa soa „pressa“. Da stod dem seg oar etter oar. Enno er slike gamle arvestykkje i bruk her og der – til bordteppe. Dem kan vera riktig fine.

Eit vanleg slitarplagg var ein plare ulltørkle med bommullsrenning og ullveft. Groa eller svart. Men fryndsa moatte slike og vera med garn i sommo farge. Gode aa ha i stygg ver og kalde. Kunde knyt dem reint overkroppen med ein knute i ryggen. Var ikkje soa mang slags utapoaklede den gongen som no. Ein kunde og veva sjal slik at det vart fryndsa i veven. Men det var seint arbeid. Moatte da spenne ein troa, passe langt utom sjølve veven og soa tok skjytten over denne troaden for kvar gong ein tok skjytten jønnom veven. Men bere poa ei si. For alle slike sjal bestod av to breidde.

Soa var det brukeleg for 50–60 oar sie aa veva av lin eller bommull, firkanta tøyke, soalag som eit skaut. Slikt vart bruka til „Pank-plagg. Mat plagg. Kunde bli bruka aa bera mat og anna ti, som ein laut frakte med seg. Di fleste var rett aa slett kvit lereft. Men somme var

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6

ruta. Rau eller blaa-rutor i kvit botten.
Skulde finnast eit Par.-plagg eller to
paa kvar gard.
Soa lyt eg nemne eit slags sengkleplagg
Rija. Akkurat korleis dem vart vovne
veit eg ikkje. Aa veva dem var gaat
av bruk, da eg vart med paa veving. Men
eg har sett flere av dem. Somme ha
groft ullgarn til renning. Andre ha
groft heimspunne linrenning. Men
veften var lik for alle: Tri lakkt ull
garn. Vevnaden er slik, at veften ligg
som lange ullkvader paa eine sia, soa
det liknar hoara paa ein skjinnfell.
Paa andre sia er rija glatt, der mest
berre renninga synest. Somme satte
tjukke aakle paa den sia. Sjöfolk
bruka rija til sengkle noar dem laag
i rorbue og paa naustlemmer.
Vart vist bruka jamsides fellen. Men
var mye lettare aa fli seint. For dem
kunde braade voskast aa kokast.
I seinare tid med mykje kunstvev-
na har eg sett liknande ty til putor.
Puteltje no er fingra inn i veven, med
di det er mange lette. Rijörne – dem
eg har sett, var anten kvite eller graa.
Berre einletta.

I min ungdom vov vi einfelt toskaft
bommullsty til forsaker. Kvit renning
og svart eller brunt til veft. Alt av bom-
mull. Men med grov sjei soa det vart
heller tunt. Kunde og laga bussrullar
paa mannfolka av dette sterke og billige
tyje. Heime paa Lian var det vanleg aa

9142

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne no 44

ha millom 40 - 80 alner for oare av slikt. Kjöpte sjeldan for.

Soa vov vi fillergjer - ikkje til golvmattor som no men vovne poa sommo moaten. Kunde ein finne soaposs mykje lin eller bommulsfiller at ein fik bere det i ei rye, var det best. Slikt vart bruka som laken til born og andre og. For det kunde baade vaskast og kokast.

Seinare - kring 50 oar sia vart alt slikt vove til golvmattor.

Vi vov og kjolty av (kjöpt farga) bommulsgarn baade til veft og renning. 8 skaft. To lette. Slikt og pent.

Dreel til duka er og gamel kunst. Men heller ny i Hemna. Det var innflytta Rennbygge som ha konsta med seg omkring 1830. Difyr nemner eg det ikkje blandt gamel vevna froa Hemna. Her fantest nok Dreel för og. Men bere hos "Kondisjonerte" aa da kjöpt eller innfört poa annan moate. Til duka har det og varre vove "ringvevna" av lin eller ~~all~~ Bommull.

De fvar aarsaka at eg ikkje nemne dette, der det skulde stoa. Man glömt det rett og slett. Trur det er gamel verkunst i Hemna. Bere fir skaft. Men baade hovolling og kröing kan laga det vi kallar "ringa". Jau dei gamle kunde nok laga mange vakre ting med sinoa

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9142

8

og einfelde reiskap. Dem var fingerferdige til det eventyrlige. Aa soa flittig! 8 timars dagen var ikkje oppfunne enno. Vistnok var det grenser for kor lenge ein tjenar laut arbeide for matmora. Men baade tjenara og husets eigne folk nytta nattetimarne til fint og nevenyttikt arbeid.

Aa „legg opp" ein vev er eit arbeid som lyt gjeras med omtanke. Alle vi eldre folk brukar alen moale noar vi ska legg veven poa Remmboara. Gamalt attende rekna dem 1 mark varp pr. Alen til almindeleg stellarkj vennmoal. Varp (renning)

Di gamle tjenarne som skulde ha ein Klæming (dress) for aare av vennmoal var dodeleg fornöyd med, at det vart spunne grant garn til varp og veven vart langer. Det er ei herme etter drangen hans Jakop Mo: 2 æln ætte markjen „to æln ætte markjen, löroon aa fillon skakast! Æln aa mark, æln aa mark hoalar aa blankar dess langer du slit"! (T. j l.) Aa det var sikkert sant. Men dette ligg ein 130 oar attende. Er varpe groat har det vorre vanleg aa legg 1½ æln ette marken. For det er vanskelegare aa spinn grant fra groa ull. Einast fabrikspunne kan vara tjenaar. Men er varpe spunne av kvit ull, er det vanleg aa legg to æln ætte marken. Ulöger kan ein ikkje gjera. Veven bli for smal. 10 pass sjei poa kvit og

9142

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne no 44 

9 pass poa groatt vennmoal er vanleg. Ein faar soa bruk akkurat lik vekt i varp og veft. Toskaft ullvev heng ikkje soa mykji varp. For der er det to braader i kvar likne i skjeia. Men tre i vennmoal. Vennmoale lyt bollenkvast. (Ein tro isamen) Er toskaftvarpe rikleg finspunne kan ein foa legg 3 i alne etter marken og tre be det i 14 pass skji. Er toskaft varpe spunne grovar, lyt ein nöie seg med da legg 2½ aln etter marken og 13 eller 12 pass skji. Men da bli det og solid og varmt tyj. Kan brukast til ulapoa kle for gutunga. Men da lyt det „stampast". Eg vonar De veit kva ei Stampe er. Vennmoale lyt i alle höve stampast. Lettare toskaft enten det er halv eller heilull, bli mjukar og tek farge betre om det er „Stampevaska".
Ein moatte vera fint skulde ein foa legg 4 aln etter marken til leret og duka. Til renning for ullveft. Kunde ein lite gram med. (Ein lyt vera merksam poa, at renning av ull kallast aloei varp her) Ein jangt bommulsgarn som var det einaste aa foa kjöpt heilt til omkr. 1890 kunde ein ikkje legg mer hell 5 aln etter marken. Litegrammer for firskaft med grovare skjei. Til ein lerretsvev moatte ein helst bruke 19 eller 20 ~~ba~~ pass skji. Firskaft kunde grei seg med 18 pass, serleg om ein bruka



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Førsteblad

10

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

| | |
|---|---|
| Emnenr. | Fylke: |
| Tilleggsspørsmålnr. | Herad: |
| Emne: | Bygdelag: |
| Oppskr. av: | Gard: |
| (adresse): | G.nr. Br.nr. |

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

ūtbreft. Men det løner seg alvei doar-
leg, at renninga bli for tjunn i all
slags vev. Aa tri: tre leretet var ein
lettvint moate. For da kan ein bruk
grov sjei. 10 pass. Veven gaar lettare.
Men bli ikkje soa pent ty.

Saa kom det to: lakkle bommuls-
garne. 6 aln etter marken til lerst
og 7 til anna ty. Sjølvsakt spelar
tro paa garne stor rolle.
Aa farge bommullgarn til renning
i kjolty og anna, var ikkje vanleg
for 60 70 aar sia. Var nok farga garn
aa faa kjøpt. Men det var dyrt. Eit
seint og vant arbeid aa veve av
slikt garn. For det var veikt, noar
det var enkengarn. Moatte brukt
„smitte". Leimvatten eller koka tjunn
velling av rugsikt. Alt enken bommuls
garn til renning laut „smittast".
Aa for eit arbei! Gli mindre godt
gjønnom kravalla og skeia!

Vassli 8 marts 58 Guri Lomundal

9142

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING